

26 år gamle Eva Gausvik frå Uskedalen er no i full gang i drøymejobben sin. Ho er andre kamerassistent for Penelope Film under innspillinga av familiefilmen Yohan i Kristiansand. Dei har hatt ei innspillingsøkt og førebur den neste, som er like rundt hjørnet.

Produsent/fotograf Odd Hynnekleiv og regissør Grete Salomonsen Hynnekleiv er hovudpersonane bak det store filmprosjektet.

Eva har hatt draumen om ein framtidsjobb i film lenge og tok treårig filmutdanning ved University of Surrey i England. Etter utdanninga sendte ho 40 søknader om jobb til alle film- og TV-selskap i Norge. Etter tre svar og tre avslag ringte Hynnekleiv og tilbød henne jobb som praktikant i prosjektet som ho no er engasjert i.

- Eg ser etter folk med ambisjonar og eit intenst ønskje, glød og evne til å lære, seier produsenten, som spora desse eigenskapane i jenta frå Uskedalen.

- Eg har vorte suksesshistoria til universitetet mitt i England, seier Eva til Sørnett. Av alle medstudentane hennes er ho den einaste så langt som har fått jobb i ein stor filmproduksjon.

- Det er hardt arbeid og det verker til tider i heile kroppen, men det er absolutt verdt det. Filmen blir fantastisk bra, lovar Eva.

Av Ola Matti Mathisen